

# UTBYGGINGSAVTALE

mellom


ETNE KOMMUNE

og

Gunnar Lien

1. Utbyggingsavtalen har som føremål å definere og regulere bidrag frå avtalepartane for å sikre opprusting av eksisterande kommunale tilkomstveg til bustadfeltet "Osnes Bustadfelt" på gnr. 14 bnr. 1 i Etne kommune samt etablere utvidingsområde slik at det kan byggast fortau eller tilsvarande på den aktuelle strekka for å sikre mjuke trafikantar.
2. Denne utbyggingsavtalen omfattar naudsynte tiltak som følgje av gjennomføring av reguleringsplan for privat bustadfelt på gnr. 14 bnr. 1 Osnes – Osnes Bustadfelt.
3. Gunnar Lien tar på seg å legge til rette for utviding av kjøreveg til 4 m asfaltert veg med minst 0,75 m skulder og plass for moglege fortau på 2,5 m med tillegg av minst 3 møteplassar på vegstrekka frå "Sørstrandavegen" til avkjørsla til bustadfeltet. Grøfter kjem i tillegg.
4. Seinast når det er gitt byggeløyve til 5 bustader i feltet, skal arbeidet med utviding av Osnesvegen vere starta opp. Dvs. sprengingsarbeid eller anna må vere påbegynt då.
5. Etne kommune får i stand avtalar med grunneigarane om grunnavståing til vegutvidinga, og legg til rette for oppføring av veglys og kabelgrøft for framføring av ulike kablar.
6. Gunnar Lien utfører sprengingsarbeidet, maskinarbeid, graving av grøfter og kabelgrøfter, tilpussing, planering av vegen og transport av massar i samband med vegbygginga for eigen kostnad.
7. Vegbygginga skal gjennomførast i samsvar med vegnormalane for vegklasse Sa1 (samleveg 1) med einsidig fortau.
8. Etne kommune deltar i prosjektet med grunninnløysing, innkjøp av røyr og omfyllingsmassar for overflatevatn (stikkrenner m.m.) og ny asfaltering på dei deler av strekka der dette er naudsynt. I tillegg kjem oppgrusingsmassar i fortau og asfaltering.
9. Etne kommune kostar forsterking av vegfundamentet nokre stader – særleg rettstrekka ved Arne Rekkedal.
10. Etne kommune avgjer kva tid fortauet skal stå ferdig, men seinast 2 år etter oppstart av anleggstekniske tiltak i feltet.
11. Etne kommune avgjer om det skal leggst vassledning under fortauet på eit seinare tidspunkt.
12. Rådmannen har høve til å justere avtalen dersom det dukkar opp uforutsette ting.
13. Avtalen gjeld når han er godkjend av kommunestyret.

Etne den *01.10.*2010

  
Gunnar Lien

Etne den *28/10*.....2010

  
Etne kommune

